

Elegi

– om sorg, tap og tid til å takle tomme fjell

Bjørn Egil Flø

NIBIO - Norsk institutt for bioøkonomi

Samandrag

Den 15. mars i 2016 fant nokre NINA-forskarar ei døydande reinssimle i Nordfjella villreinområde. Etter obduksjon vart det påvist at simla døydde av sjukdomen Chronic Wasting Disease (CWD), også kalla skrantesjuka på norsk. Dette essayet er basert på retrospektive samtalar med lokale fjellfolk, villreinjegerar og andre knytt til villreinforvaltinga i lokalsamfunna kring Nordfjella. Essayet skildrar korleis oppdaginga av skrantesjuka, forhandlingane om tiltaka, og til sist, uttaket av all villrein i sone 1 i Nordfjella som vart avslutta i februar 2018, skaka dei lokale fjellfolka. Samtalane vart gjennomført seinhausten 2021, meir enn fem år etter oppdaginga av skrantesjuka, då hadde fjella vore tomme for villrein i tre og eit halvt år. Essayet syner oss at slike alvorlege skakingar pregar menneskjer og ikkje minst pregar det forholdet mellom menneskjer. Analysen vert presentert i seks stadium og dreg vekslar på Elisabeth Kübler-Ross sine empirisk baserte teoriar om sorgarbeid knytt til pasientar og pårørande etter at ei dødeleg diagnose er stilt. Essayet konkluderer med at om me ønskjer å ivareta den historisk sett høge og viktige tillita mellom lokale og sentrale aktørar i naturforvaltinga framover treng me å lage rutinar og bygge opp kompetanse for sorgterapi i møte med framtidige naturkriser.

Nøkkelord: skrantesjuka, CWD, tillit, naturkrise, villrein, natursorg, naturtap, Nordfjella

Engelsk tittel:

Elegy

– on grief, loss, and taking time to cope with empty mountains

Summary

On the 15th of March 2016, some NINA researchers found a dying reindeer in the Nordfjella wild reindeer area. After an autopsy, it was proven that the reindeer had died of Chronic Wasting Disease (CWD). This essay is based on retrospective interviews with local mountain people, reindeer hunters and others connected to reindeer management in the local communities surrounding Nordfjella. The essay describes how the discovery of the disease, the subsequent negotiations about which measures to take, and finally, the culling of all wild reindeer in zone 1 in Nordfjella, which was completed in February 2018, shook the local mountain people. The interviews were carried out in the late autumn of 2021, more than five years after the discovery of the CWD, when the mountains had been emptied of wild reindeer for three and a half years. The essay underlines that such severe shock affects people and, not least, it affects the relationship between people. The analysis is presented in six stages and draws alternately on Elisabeth Kübler-Ross's empirically based theories about grief work linked to patients and their families after a terminal diagnosis has been made. The essay concludes that if we wish to safeguard the trust between local and central actors in nature management in the future, we need to create routines for, and build up competence in, grief therapy in the face of natural crises.

Key words: Chronic Wasting Disease, CWD, trust, nature crisis, reindeer, eco grief, nature loss, Nordfjella

MI REISE FRÅ hus til hus i grendene kring fjellområdet Nordfjella seinhausten 2021, set att i meg som eit elegisk versemål frå antikkens Hellas. Der såg eg ei sorg så djup som eg knapt før hadde sett. Eg såg godt vaksne menn og kvinner, som hadde tungt for å snakke, eg såg dei leite etter ord og uttrykk som var sterke nok til å skildre det vondet dei bar i seg etter sjokket som råka dei ein vårdag i 2016. Sjeldan har eg vore vitne til ei så sterk kollektiv sorg, sjeldan har eg sett så mange blanke auge og sjeldan har eg vitna ei slik fortvilning og eit så djupt vonbrot som då fjellfolk skulle skildre kjenslene dei bar på, meir enn fem år etter at smerta råka dei så hardt.

Opphavet for smerta var skrantesjuka. Opphavet for smerta var den smittsame og drepende sjukdomen Chronic Wasting Disease (CWD) som vart oppdaga etter obduksjon av ei simle som nokre NINA-forskarar hadde funne døyande i Nordfjella ein marsdag i 2016. Få her heime viste kva CWD var, men dei få som viste litt kjende den fyrst og fremst som ein monstersjukdom som herja i dei nordamerikanske hjortestammene. Sjuka skuldast ikkje parasitter, ikkje bakteriar, virus, giftstoff eller genetiske feil, slik så mange andre sjukdomar. Nei, denne sjuka skuldast priona og den slektar på sjukdomar som skrapesjuka, kugalskap, kuru og Creutzfeldt-Jacobs. Med det forstod dei fleste at tiltaka kunne bli dramatiske. Og nettopp det, altså dramatisk, det vart også tiltaka.

I denne teksta vil eg freiste å gjenfortelje opplevingane som eg sat att med etter alle samtalanene¹ med folka i grendene kring Nordfjella, fem år etter at dei fant den sjuke simla i villrein fjellet. Dette var folk som eg alt fyrste kvelden, etter at eg berre hadde gjort to slike samtalar, starta omtale som *fjellfolk* eller *fjellfolka* i feltdagboka. Tidleg i den fyrste feltdagboksneiteikninga skriv eg:

Det var noko særskilt med dei to karane som me intervjuar i dag. Greier ikkje å få tak på det heilt, men det er noko med måten dei snakkar om fjellet på, ja og om villreinen. Dei er nok typiske representantar for sike som dei (namnet på kompisen min) og eg brukar kalle fjellfolk. (Avskrift frå feltdagbok, Flø B. E. XXII/2021)

Eg definerte ikkje der og då omgrepet fjellfolk anna enn eg refererer til slik eg og kompisen min brukte, og framleis brukar, dette omgrepet. Det høyrer med til historia her at korkje eg eller kompisen min har noko forhold til fjellet slik i opphavet, me er begge føydde og oppvaksne på Flø i Ulstein kommune. Rett nok har me fløfolk ein fjellvegg i bakkant, men det er vel med oss om lag slik som med øy-sunnmøringane Agnar Mykle skildrar i romanen Rubicon, nemleg at me nyttar fjellet mest til å stø ryggen når me ser vestover havet. Slik sett var me noviser då me reiste til Lordalen i Lesja kommune på vår aller fyrste villreinjakt hausten 1984. Og det var nett på denne turen at me starta bruke omgrepet fjellfolket og me brukte det om ein særskild type villreinjegerar som me møtte der. Og i dag, nær førti år seinare, nyttar me framleis distinksjonen *fjellfolket* og *dei andre*.

Fjellfolket

Då eg trur det er avgjerande for fullt ut å greie å forstå den sorga eg såg desse dagane vil eg bruke litt tid på å forklar nettopp kva som ligg i omgrepet fjellfolket slik eg vel å nytte det her. For når me går i villrein fjellet på jakt så møter me ulike typar jegerar. Me kan ofte sjå dei på lang avstand og me har gjerne god tid til å observere dei. Somme går å vimar langs etter toppane i himmelsjå og somtid renn dei etter villrein flokkane som halsande fuglehundar ute av hand. Nokre er oppkledd som dei skulle på ein ekspedisjon spona av ein av dei store produsentane av friluftsklede, medan andre ser meir ut som dei skal på ein treningstur rundt Sognsvann. Fleire ber på rifler utan ei einaste skramme i stokken, i lommene har dei siste modell jaktradio og elektroniske kartmaskiner med antenner i alle retningar. Kjem du i prat med dei handlar heile samtala om alt dei har høyrte på jaktradioen, om observasjonsmeldingane og om kvar det var felt villrein dagen før.

¹ Det eg omtalar som samtalar, både her og seinare i teksta, er det ein i den sosiologiske metodelitteraturen kallar lange djupneintervju (McCracken, Grant. 1988. The Long Interview. Qualitative Research Methods. Vol. 13, London: SAGE Publications.)

Men fjellfolket, dei ter seg annleis. Me kan sjå det på måten dei går på, ikkje på ganglaget direkte, men på korleis dei ferdast i terrenget. Dei går ørlite saktare, men likevel jamnare og dei går lågare nede i liene. Dei ser ut til å ha ei klarare formeining om kvar dei er på veg. Dei *skal fram og vente*, seier dei gjerne om me spør kvar dei er på veg. For fjellfolket renn ikkje etter reinen, dei ventar på den. Og til skilnad frå dei andre veit fjellfolket kvar dei skal vente. Dei kjenner trekkrutene og veit korleis vinden snor seg kring toppane og fell ned langs skara. Når me kjem i prat med fjellfolket tek dei seg alltid tid. Dei finn seg ein tørr rabb å sete på og tek seg tid til ein rast. Dei har liksom langsynet på, sa kompisen min en gong. Med det meinte han at dei gjerne såg utover fjellet like mykje som på oss, medan me prata. Dei snakkar heller ikkje like mykje om kva som var sagt på jaktradioen eller om observasjonane frå oppsynet om kvar reinen var dagen før, snarare snakkar dei om fjellet. Dei snakkar om vinden og om høgder, skar og lier og om korleis dyret brukar trekke. Og nettopp dyret, i bestemt form..., det er slik dei omtalar reinen. Dei snakkar om reinen som om det skulle vere det einaste dyret i fjellet. Sjølv sagt veit dei betre enn det, men dei veit også at ved å snakke slik – om dyret og om fjellet – så fortel det oss som høyrer på at det er ein heilt særskild relasjon mellom fjellfolket, dette dyret og fjellet.

I mi tid som forskar har eg studert hjortejegerar på vestlandet og eg har skrive doktoravhandling om elgjakkultur i dei djupe skogane i Østerdalen, men aldri har eg sett ein så sterk kjærleik til dyret som det eg har sett hjå fjellfolket. I løpet av dette feltarbeidet, gjennom samtalane og alle besøka i heimane åt fjellfolket, har eg fått høve til å kome nærare dei. Eg har lært dei å kjenne på ein annan måte enn berre gjennom nokre sporadiske samtalar i fjellet under villreinjakta og slik har eg lært at for dei så er dette dyret så mykje meir enn berre eit dyr, det er så mykje meir enn einast eit jaktbart vilt.

Dei har synt meg bilete som dei har hatt hengande på veggane heime, fotografi like som måleri. Somme har måla eller fotografert sjølve, andre har bilete gjort av foreldre eller besteforeldre, men felles for dei alle er at dei skil seg frå bileta i heimane åt hjort- eller elgjegeerane. For der elgjegeeren gjerne har eit nærportrett av ein elgokse i halvprofil har fjellfolket portrettert dyret i fjellet. Dyret er fjellet og fjellet er dyret for fjellfolket.

Nett det trur eg er grunnlaget for at dei eg har snakka med har brukt ein så stor del av samtaletida vår til å snakke om dei kjenslemessige relasjonane dei har til fjellet og dyret. Dei ser på fjellet og dyret som eitt og utan fjellet er ikkje dyret og likeleis utan dyret er heller ikkje fjellet. Dei kan ikkje skilje dyret frå fjellet og heller ikkje fjellet frå dyret. Alt er eitt.

Skal me forstå smerta fjellfolket i Nordfjella ber i seg no etter at skrantesjuka vart oppdaga og særleg etter at heile stamma i sone 1 i Nordfjella vart skutt ut og fjellet vart ståande tomt, så treng me å forstå relasjonen mellom folk, fjell og dyr. Relasjonane deira til fjellet og dyret er sterkare enn kva mine relasjonar nokon gong vil kunne bli, dermed er også smerta deira sterkare. Heile grunnlaget for sorga og tapet som dei kjenner på kviler på denne relasjonen mellom menneskje og natur, ein relasjon som eg neppe vil evne å fullt ut forstå. I beste fall vil eg berre kunne danne meg ein ide om den.

Seks stadium og ingen ide

Etter at alle samtalane var gjennomført og dei fyrste inntrykka mine var fordøyde prøvde eg å sortere materialet i ei slags tidslinje. Eg konsentrerte meg om reaksjonane deira og korleis dei fortalte fram at kjenslene og reaksjonane gjekk i bølger alt etter kor langt dei var komne i det som for meg fortona seg som ein sorgprosess. Basert på det kom eg fram til seks stadium eller fasar; sjokk, fornektning, forklaring, forhandling, sinne og depresjon.

Fyrste stadiet; sjokket

Sjokket kom som sagt ein vårdag i 2016, og dette var fyrste steg i stadiet på vegen mot dei tomme fjella. Ingen med ei viss interesse for rein – vill som tamrein – vil nokon gong gløyme kvar dei var og kva dei gjorde den dagen dei fekk denne nyhendemeldinga. Dette var fyrste tilfelle av CWD i Europa og det hadde til og med råka villreinen i Nordfjella. Alle eg snakka med skildrar sin reaksjon som nettopp eit sjokk.

– Det kom som eit sjokk, det var som at ein dødeleg sjukdom hadde råka ein av mine næraste... eg vart heilt sett ut. Fortalte ein eldre reinsjeger og mangeårig nestor i villreinforvaltinga.

Nyheita råka han så hardt at han somtid måtte ha med hunden ut for å gå ein tur berre for å kome vekk ifrå folk slik at han kunne gråte aleine. Fleire fortel også om søvnproblem og konsentrasjonsvanskar.

– Irritasjon var det eg merka fyrst, så irritert at eg måtte be om å sleppe å jobbe med dei mest krevjande pasientane. Fortalte ei kvinne som jobba på ein sjukeheim.

Ho hadde sove dårleg og vore ukonsentrert lenge, men ein dag hadde ho kjefta opp ein pasient og opplevde at ho gjekk over streken som ho sa. Då tok ho affære og gjekk til sin næraste leiar for å sleppe å jobbe med dei mest krevjande pasientane.

Andre stadiet; fornekinga

Sjølv om Alvoret etter kvart sette seg og dei kom over det mest lammande sjokket fortel dei fleste om ei periode der dei rett og slett freista å fornekte det dei innerst inne viste var sant.

– Eg nekta å tru det var sant, eg kunne berre ikkje tru det. Fortalt ein lærdøl og la særskilt vekt på kunne. Han meinte det var naudsynt for han å fornekte det, det var heilt avgjerande om han skulle greie å halde fortvilninga på avstand.

– Sett utanfrå vil eg tru du tenkjer det var irrasjonelt, men for meg – der og då – var det det einaste eg kunne klamre meg til. La han til som for å forklare sin tilsynelatande irrasjonalitet.

Dei alle fleste snakka om at dei søkte ulike forklaringar på kva denne sjuka var, kor lenge den hadde vore i fjellet og kvar den kom ifrå. Og det verserte fleire forteljingar om nettopp det. Særleg vart ei oppdaging der nokre hadde funne fram gamle jakt dagbøker frå jegerar fleire generasjonar attende i tid som rapporterte om at dei hadde funne det dei omtala som «slevedyr» i fjellet. Sjuke dyr som var blitt avliva og steina ned i fjellet.

– For meg vart det eit viktig haldepunkt, det gav meg på ein måte ei von ... ei von om at kanskje var ikkje denne sjuka så farleg? Kanskje hadde den vore her i hundrevis av år, kanskje var den ikkje så smittsam som den amerikanske varianten, eller at våre dyr var genetisk disponert til å kunne leve med sjuka?

Personleg tenkte eg på desse forteljingar som det ein av mine forelesarar i sosiologi mange år tilbake hadde omtala som «trygge trusanker for tvilen». For det var slik eg forstod at dei brukte forteljingane, dei brukte dei som eit anker å legge tvilen på, tvilen som heldt liv i vona på eit vis.

Sameleis var det faktum at det førebels berre var dette eine dyret som var funne også eit slikt anker for tvilen. For eitt dyr aleine var ikkje eit prov på at heile stamma var sjuk, mente fleire og nett det gav dei den same vona som ideen om at sjuka hadde vore i fjellet i kanskje fleire hundre år.

Medan eg sat å hørde på lydopptaka og las igjennom utskriftene frå samtalan vart det jamt meir tydeleg for meg at denne fornekinga var meir enn einast ein forneking. Like mykje, og kanskje mest, var det ein meistringsstrategi for å kome seg til hektene etter sjokket. Det var ein måte å kome seg i gong att, ein måte å få skallen til å fungere etter det paralyserande sjokket som hadde råka dei så hardt.

Tredje stadiet; ein leit etter forklaring

Trusankera og tvilen var ikkje berre forneking og ein meistringsstrategi, det var også ein leit etter ei forklaring. Slik sett var det også eit middel som kunne mogleggjere forhandlingane om tiltaka i neste omgang. For samtalan som spant seg ut i fornektingsfasa fortalte at sjuka kanskje ikkje var ny, at den kan ha vore lenge i fjellet og kanskje var den ikkje like smittsam som ein fyrst hadde trudd heller.

Dette gav grunnlag for å bygge eit alternativ til full nedskyting, i det minste eit alternativ som innebar at ein kunne vente og observere utviklinga før ein fatta eit vedtak om eventuell full nedskyting. Med det som utgangspunkt gjekk fjellfolket inn i det fjerde stadiet.

Fjerde stadiet; forhandling

Og det fjerde stadiet var forhandling, forhandling om tiltak. Utgangspunktet for forhandlingane var at dei lokale fjellfolka viste kva som stod på spel. Dei viste at heile populasjonen i sone 1 stod i fare for å bli tatt ut. Dei viste at tusenvis av år med emosjonelle og kulturelle relasjonar mellom folk, dyr og fjell kunne bli viska ut av eitt einaste vedtak fatta i ein politisk kontekst som omfatta ikkje einast Nordfjella eller Noreg, men heile det europeiske kontinent.

– *Lokalt var me kanskje desperate etter å finne alternativ, men samstundes meiner eg at alternativa me presenterte var gode, sa ein av dei eg snakka med.*

Og at dei lokale hadde gode alternativ var det fleire som hevda, likeleis hevda fleire at dei – i tydinga representantane for den autoriserte sanninga – ikkje ville lytte.

– *Det var som å snakke til ein vegg, var eit uttrykk som fleire brukte*

– *Sjeldan har eg følt meg så lite lytta til, dei oversåg oss fullstendig.*

Her kunne eg ha plukka mange sitat som alle skildrar eit viktig poeng, nemleg at i dette stadiet oppstod også skiljet mellom oss og dei. Skiljet oppstod då fjellfolket meinte dei vart ignorert av ekspertveldet og med det skiljet vaks også sinnet.

Femte stadiet; sinnet

– *Sinnet vaks i takt med frustrasjonen over at me ikkje nådde fram, alt gjekk så fort ... det var storpolitikk og det skjedde utanfor oss ... det var kaos i skallen, fortalte ein meg og eg kunne sjå vonløysa formeleg vekse i andletet på han.*

Mange snakka om «kaos» i skallen, dei snakka om at kaoset pressa fram eit sinne som vart større og større og særleg vaks det når dei kom i hop med andre som bar i seg det same kaoset. Kanskje var det med fleire som med ho som fortalte meg at:

– *Det var som at sinnet var det einaste som held depresjonen vekke, det siste eg kunne klamre meg til før alt gjekk under.*

Sjette stadiet; depresjon

Men depresjonen kom, og tidlegvinteren 2021 var mange av dei 20 samtalepartnarane mine godt plassert i stadiet depresjon. Utskytinga skapte djupe sår hjå enkelte, ein omtalar det;

– *som at ein del av meg døyde då eg såg skrottane henge under helikopteret.*

Han sat i solveggen på støylen sin, det var snø og mildt i veret då han hørte rotorlyden. I det han såg opp fekk han sjå det han aller minst trengte å sjå. Helikopteret gjorde ein sving og det draup blod frå skrottane under maskina som farga snøen med ei tynn stripe raud blod.

– *Det bilete set att i meg den dag i dag.*

Til liks med han var det fleire som fortalte at dei ikkje hadde vore til fjells sidan dei såg helikoptera frakte daude dyr or fjellet. Dette var alle fjellfolk som hadde elska fjellet og som hadde sprunge i fjellet mesta kvar einaste ledige stund dei hadde. Men no var fjellet døydt for dei, dyret var borte og med det døyde det fjellet dei elska så høgt. No orka dei ikkje sjå mot fjellet eingong, dei greidde det ikkje, dei kunne ikkje.

Dette er alle fjellfolk, dette er alle slike som heile den norske utmarksforvaltinga har vore tufta på så lenge, slike som nyttar mesta all si fritid på frivillig arbeid knytt til utmarksforvaltinga, slike som har ønska å sete i dei lokale utvala, styra, råda og nemndene som arbeidar med nett det som alltid har vore viktigast for dei, nemleg utmarka og i dette høve fjellet og dyret. Og no snur dei andletet vekk frå fjellet og dei gjer det fordi dei ikkje klarer å gjere anna.

Ingen ide

Så der sat eg. Eg hadde sortert materialet mitt i seks ulike stadium i ein freistnad på å forstå sorga og tapet fjellfolket hadde synt meg, men eg hadde ingen ide om korleis eg skulle kome meg vidare. Korleis skal eg gjere noko meir enn einast å gjenfortelje denne historia? Korleis skal eg gjere sosiologi av det og kva lærdom kan me som samfunn trekke ut av dette? Medan eg sat slik å tenkte gjorde eg som så ofte elles, eg snudde meg på stolen og såg mot bokhylla på kontoret. Der fall augo på ein særskild bokrygg.

Om død og døying

Boka bar den noko sørgmodige tittelen «On death and dying», omsett til norsk vert det noko slik som; Om død og døying. Eg hadde aldri lese den boka, sant å seie så var den eit feilkjøp frå mange år tilbake og boka hadde stått uopna i bokhylla sidan. Den var skriven av Elisabeth Kübler-Ross i 1969², altså for over femti år sidan, og ho har ingenting med korkje villreinforvaltning eller sosiologi å gjere. Derimot handla boka om psykologi og sosialt arbeid og i forordet til 2014 utgåva som eg hadde, kunne eg lese at Kübler-Ross sitt arbeid har hatt stor betydning for sjukepleiarar, lækjarar og endatil prestar, kort sagt for alle som arbeidar opp mot dødssjuka pasientar og deira pårørande.

Stor var overraskinga då eg bladde opp på innhaldslista for boka. For der kunne eg sjå at også Kübler-Ross presenterer materialet sitt i ulike stadium, og dei var også til forveksling svært like dei stadia eg sjølv nett hadde sortert mitt materiale i. Fyrste stadiet, seier Kübler-Ross, er forneking og isolasjon, andre er sinne, tredje er forhandling og fjerde stadiet er depresjon.

Dette var då eit interessant samantreff tenkte eg, men det mest interessante var likevel at der eg stogga ved depresjon har Kübler-Ross to stadium til, nemleg aksept og håp. Den overordna budskapet i Kübler-Ross sitt arbeid er at for å kome vidare, for å kome forbi depresjonen som følger i kjølvatnet av at ei krise har råka, vil me ha stor bruk for hjelp til å handtere sorga og akseptere tapet. Samstundes fortel ho at alle dei føregåande stadia er både naturlege og naudsynte, me må igjennom dei om me skal ha von om å kome oss over tapet. Nett derfor treng alle som arbeidar med å «kurera», altså legar og sjukepersonell, skulerast i å handtere kvart av dei føregåande stadia.

I vårt høve, altså i tilfelle skrantesjukehandsaminga i Nordfjella, var ikkje det å handsame sjokket som fjellfolket opplevde nemneverdig vektlagt. Heller ikkje fornekinga eller dei alternative forklaringane var sett på som naturlege element i ein sorgbehandlingsprosess. Alt dette prega truleg også forhandlingane og ordskiftet kunne somtid kome skeivt ut som eit resultat av at ein ikkje hadde eit medvite forhold til at fjellfolket sine reaksjonar var nett som ein kunne forvente. Alt dette fyrte opp under sinnet og gav grobotn for fleire destruktive utslag som ved enkelte høve arta seg som personangrep. Noko som igjen gjorde klimaet enno røffare mellom partane.

Terapi

Den fasa som kan vere vanskelegast å kome seg over er depresjonen. Særleg vanskeleg vert det i fall alle dei føregåande stadia har vore handsama dårleg. I den samanheng tek Kübler-Ross til orde for terapi. Terapi bør starte alt i det diagnosen vert stilt, meiner ho. Det gjer oss betre i stand til å hanskast med alle dei føregåande stadia, men særleg viktig vert det for å kome seg opp att etter at depresjonen har sett seg.

Då eg las Kübler-Ross si bok, slo det meg at eg hadde høyrte nokre i materialet mitt som hadde snakka om terapi i ein eller annan samanheng. Ein ny gjennomgang synte meg at tre personar nemner det i samband med at dei snakkar om ei fjernsynsserie der nokre stand-up komikarar vart utfordra på å gjere humor av det tragiske.

² Kübler-Ross, Elisabeth. 2014. *On Death and Dying*. Scribner, New York. Opprinneleg utgjeven i 1969.

I siste episode av denne serien var Siri Kristiansen utfordra på å gjere humor av skrantesjuka og arrangere eit live show, og det til og med i Lærdal av alle stadar³.

Tre personar i materialet omtalar dette showet, den eine seier det var *som terapi*, ein annan nyttar uttrykket *nærast terapi* og ein tredje seier at showet fungerte *som sorgbehandling*. Også i sjølve fjernsynssendinga kan me sjå at eit par av tilskodarane kjem inn på den terapeutiske effekten showet hadde på dei.

– *Det var både rørende, komisk, alvorleg ... informasjon og ... nei, ho var heilt rå for å seie det rett ut altså*, fortel ein.

Ein anna fortel at:

– *Ho vinkla det på ein slik måte at me kunne både le og nesten gråte .. og ja, for det meste har me då gråte, dei fleste, og no kunne me le litt og ta ei øl saman med kvarandre*.

Lærdom

Kva lærdom kan me trekke ut av dette? Eller sagt på ein annan måte; kva lærdom bør me ta med oss til neste krise? For det fyrste fortel dette oss at naturkrise inneber sorg for dei som har kjensler for den kriseråka naturen. I sorgfasa vert tillit utfordra på ulikt vis, me er emosjonelt involvert og me leitar etter forklaringar, me forhandlar og søker meining i det meiningslause. Men vert me møtt einast av ein hard vitskapleg rasjonalitet, formidla av ekspertar som me lett opplever som arrogante og kjenslekalde, reagerer me. Når me står der aleine og tynga av sorg, kan me somtid ty til sinne og enkelte av oss kan endatil ty til destruktivt sinne og gjere handlingar ein helst skulle ha vore ugjort.

Alt dette utfordrar tillita mellom dei involverte aktørane. Og for å ivareta tillita som me treng for å møte framtidige naturkriser som me veit vil kome både hardare og tidare, treng me å lage rutinar og bygge opp kompetanse for sorgterapi i møte med framtidige naturkriser. Me lyt tenke ut korleis me gjennomfører kollektiv terapi på lokalsamfunnsnivå for dei som er råka av krisa. Samstundes lyt me hugse at terapi ikkje må forvekslast med å ta stilling til tiltaka og behandlinga av sjølve naturkrisa. Terapi må skje separat frå det, men får den kriseråka terapi vil ein vere betre i stand til å ta stilling til behandlinga.

For Nordfjella og dei lokale fjellfolka sin del, så står me no på trappene til reintroduksjonen av villreinen til sone 1. Til dei som arbeidar med det no, vil eg berre seie: Trå varsamt, ikkje tru at fjellfolket i grendene kring Nordfjella har kome seg igjennom trauma. For me veit så altfor godt at slike sår gror seint.

³ Programmet kan sjåast på NRK TV med denne lenka: <https://tv.nrk.no/serie/latterlig-smart/2018/DMTV23600118>